

KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/38/12

av 29. juni 2007

om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira(*)*[meldt under nummeret K(2007) 3114]*

(2007/453/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett reglar for å forebygge, motkjempe og utrydde spongiform encefalopati som kan overførast (TSE) hjå dyr. I samsvar med artikkel 1 i den nemnde forordninga skal ho nyttast på produksjon og marknadsføring av levande dyr og produkt av animalsk opphav. For dette føremålet skal statusen for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane (heretter kalla «statar eller regionar») med omsyn til bovin spongiform encefalopati (BSE) fastsetjast ved at dei vert klassifiserte i éin av tre kategoriar etter BSE-risiko, slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 1 i den nemnde forordninga.
- 2) Målet med ei inndeling av statar eller regionar på grunnlag av BSE-risikoen deira er å fastsetje handelsreglar for kvar BSE-risikokategori, for såleis å kunne gje dei garantiane som er naudsynte for vern av helsa til dyr og menneske.
- 3) I vedlegg VIII til forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett reglar for handel innanfor Fellesskapet, og i vedlegg IX til den same forordninga er det fastsett reglar for import til Fellesskapet. Desse reglane byggjer på dei reglane som er fastsette i helseregulverket for landdyr, som er utarbeidd av Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE).

4) OIE spelar ei leiande rolle når det gjeld inndeling av statar eller regionar i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira.

5) Under generalforsamlinga til OIE i mai 2007 vart det vedteke ein resolusjon om BSE-statusen for ulike statar. I påvente av ein endeleg konklusjon om statusen for BSE-risikoen i medlemsstatane, og samstundes som det vert teke omsyn til dei harmoniserte, strenge vernetiltaka mot BSE som vert nytta i Fellesskapet, bør medlemsstatane godkjennast mellombels som statar med ein kontrollert BSE-risiko.

6) I påvente av den endelege konklusjonen om statusen for BSE-risiko for Noreg og Island, og samstundes som det vert teke omsyn til resultatane frå dei nyaste risikovurderingane for desse tredjestatane, bør desse statane òg godkjennast mellombels som statar med ein kontrollert BSE-risiko.

7) I medhald av artikkel 23 i forordning (EF) nr. 999/2001 er det innført overgangstiltak for eit tidsrom fram til 1. juli 2007. Desse tiltaka skal slutte å gjelde straks etter datoen då det vert gjort eit vedtak om klassifisering i samsvar med artikkel 5 i den nemnde forordninga. Det bør difor gjerast eit vedtak for å klassifisere statar eller regionar på grunnlag av BSE-risikoen deira før denne datoen.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

BSE-statusen for statar eller regionar på grunnlag av BSE-risikoen deira er fastsett i vedlegget.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 172 av 30.6.2007, s. 84, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 42/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 6.

(¹) TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1923/2006 (TEU L 404 av 30.12.2006, s. 1).

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. juli 2007.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 29. juni 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

LISTE OVER STATAR ELLER REGIONAR

A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko

- Argentina
- Australia
- New Zealand
- Singapore
- Uruguay

B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko

Medlemsstatar

- Belgia, Bulgaria, Tsjekkia, Danmark, Tyskland, Estland, Irland, Hellas, Spania, Frankrike, Italia, Kypros, Latvia, Litauen, Luxembourg, Ungarn, Malta, Nederland, Austerrike, Polen, Portugal, Romania, Slovenia, Slovakia, Finland, Sverige, Det sameinte kongeriket

EFTA-statar

- Island, Noreg, Sveits

Tredjestatar

- Brasil
- Canada
- Chile
- Taiwan
- Sambandsstatane

C. Statar eller regionar som det ikkje er fastsett BSE-risiko for

- Statar eller regionar som ikkje er førde opp i del A eller B i dette vedlegget.
-